

Kartverket
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Dykkar ref.

Vår ref.
24/675-3/KES

Dato
16.12.2024

Hareid kommune – to primærnamnsaker – tilråding

Me syner til eit oppstartsbrev som Kartverket skreiv til Hareid kommune 8. april i år og til eit svarbrev som kommunen skreiv til Språkrådet 26. september.

I arbeidet med eit par adressenamnsaker i Hareid kommune har det meldt seg eit spørsmål om korleis to nedarva stadnamn skal skrivast i offentleg samanheng. Det dreier seg om eit bruksnamn (som opphavleg må vera knytt til ei myr) og eit namn på ein innmarksteig.

I den lokale namnesakshøringa kom det inn ein merknad frå Nansy Pilskog Haddal og Eiliv Tore Howlid. Dei skriv: «Vi ønsker at namnet Gomyra skal brukast for bruk gnr./bnr. 41/4 og 41/884, og at Gomyrvegen blir det foreslåtte adressenamnet.»

Godmyra eller *Gomyra*

Frå heile landet er det SSR-registrert i alt 28 primærnamn med former som *Godmyr*, *Godmyra*, *Godmyri*, *Godmyran* og liknande. Det er i tillegg registrert 7 tilsvarande namneformer utan *d* i førelekken. (Ingen av dei registrerte skrivemåtane har vedtaksstatus.) Det aktuelle namnet i Hareid er ikkje registrert som namn på ei myr, men det er all grunn til å rekna med at namnet er nytta som eit naturnamn opphavleg. (I den gjeldande matrikkelen er Hareid-namnet registrert som namn på bruk 884 på gnr. 41, Hareid, og då med skrivemåten *Gomyra*. I oppstartsbrevet er det skrive at namnet òg skal vera nytta som namn på bruk 4 på denne garden, men både i matrikelutkastet frå 1950 og i den gjeldande matrikkelen er *Hareide* ført opp som namn på dette bruket.) Frå Hareid kommune er det ikkje SSR-registrert andre namn på *Go(d)*-.

På nettsida Fylkesatlas er namneforma *Godmyra* registrert til saman åtte gonger. I tillegg er fleirtalsforma *Godmyrane* registrert som namn på eit myrområde i Fasteindalen i Sykkylven.

Sidan namn som *Godmyra* og *Godmyrane* er registrerte så pass mange stader, kan det verka som at «godmyr» i ei viss grad er nytta som ei fast samansett nemning. I ulike samanhengar er det snakka om *gode myrar* til skilnad frå skitdike, hengjemyrar og andre

myrar med liten nytteverdi for bonden. I ein kulturminneplan for gamle Øygarden kommune står det slik om den verdien ei myr kan ha: «Myrene har vore nytta til beite og til bøar for gras- og lyngproduksjon. På innmarka er det ofte myrene som vart overflatedyrka og gav gode grasavlingar. Gjennom alle åra med fast busetnad, heilt fram til 1950-talet, har menneske spadd opp mengder av torv i utmarksmyrene, og nytta den til brensel, strø under dyra (mold) når dei var inne i hus. [...] Ei fruktbar eng på innmarka, myrer, åkerland og anna, var til vanleg delt i fleire stykke, slik at kvar brukar til dømes skulle ha ein bit av ei god eng eller ei god myr.» (Den aktuelle nettadressa er <https://www.oygarden.kommune.no/f/p1/idb80d0f0-ddea-4acf-924f-8fd8d838c553/kulturminneplan-for-oygarden-kommune-2019-2023-1188649.pdf>.) På gnr. 48 i Askvoll kommune er ein stad med namnet *Godmyra* registrert med denne merknaden på sida Fylkesatlas: «Grøn flate nord for ei elv, ligg fint til i sørhellinga». På gnr. 55 i same kommunen er det registrert eit likelydande namn, og det står om dette namnet at det gjeld ein teig som er dyrka opp og som no er nytta som slåttemark. Bruken av utmerkinga *God-* i desse namna må hanga saman med den verdien som namnebrukarane har tenkt at dei aktuelle myrane har eller har hatt for landbruket.

Me tilrår at det namnet i Hareid som det er tale om i denne saka, blir skrive **Godmyra** i offentleg samanheng.

Rema eller *Rima*

I samband med det nemnde adresseringsarbeidet i Hareid vart det opplyst frå kommunen at den aktuelle vegen «går gjennom området som kallast "Rema"». Kommunen skreiv vidare: «"Rema" er riktig skrivemåte på dette området og ikkje "Rima" som har blitt brukt av det offentlege.» I den namnsakshøyringa som er gjennomført no, har det ikkje komme inn merknader frå andre partar.

Me har all grunn til å feste lit til opplysninga frå kommunen om at staden er kalla «Rema». Namnet er bunden eintalsform av eit substantiv som i Nynorskordboka er ført opp som eit hokjønnsord med den normerte skrivemåten *rim*. (Ordet hadde denne skrivemåten òg i gammalnorsk.) Her ligg nok grunnen til at eit brunamn på staden har vore skrive *Rimabrua* (med *i* i første stavinga).

I talemålet er det nemnde substantivet nytta både som eit hokjønnsordet og som eit hankjønnsord, og i dialektane er det mest utbreidd å uttala nemninga med ein vokal som ligg nærare /e/ enn /i/. Dette er tilfelle òg på Sunnmøre.

Skrivemåten *rem* finst i fleire fastsette stadnamnformer. I åtte namnesaker som er gjennomførde på Sunnmøre, er skrivemåten *Rema* / *-rema* vedteken. I eitt av desse tilfella dreier det seg om ei namneform som er fastsett av Kartverket. Det gjeld namneforma *Bratterema*. Ho er knytt til ein innmarksteig i Giske kommune. I dei sju andre tilfella er det tale om fastsette adressenamnformer. Kartverket har òg vedteke at eit gardsnamn i Haram kommune skal skrivast *Reme* i offentleg samanheng. (Øg her er det då fastsett ein skrivemåte med *e* i første stavinga.)

I den saka me har føre oss her, tilrår me at den talemålsnære skrivemåten **Rema** blir vedteken. Skrivemåten *rem* (med *e*) kan reknast som ei regional samleform. (Jf. med § 3 i forskrifta. Der står det blant anna at «[s]krivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen.»)

Dei avleidde namna

I Fylkesatlas er det registrert eit teignamn med uttaleforma /'re:ma/ attmed Godøy skule i Giske kommune, og to avleidde namn er registrerte med uttaleformene /'re:ma,tæiane/ og /'re:ma,damiN/. I desse to namna er det altså nytta *a*-fuge. *A*-fuge finn ein òg att i den tidlegare nytta brunamnforma *Rimabrua*. I tråd med dette samansetjingsmønsteret går kommunen inn for at eit vegnamn i nærleiken av brua får namnet *Remastubben*. Me finn det tilrådeleg at brunamnet blir skrive **Remabrua** og at vegnamnet får skrivemåten **Remastubben**. (Jamfør med punkt 6 i *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*. Der står det blant anna: «Ein skal som hovudregel nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttalen.»)

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:

Kartverket

Postboks 600
Sentrum

3507

HØNEFOSS

Kopi til:

Hareid kommune